

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *Transport av høy .* Fylke: *Hordaland*  
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: *Kvinnherad*  
 Emne: Bygdelag: *Omvikdalen*  
 Oppskr. av: *Arne Skuland* Gard: *Skuland*  
 (adresse): *p. 7, Rommetveit.* G.nr. Br.nr.  
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Etter eigi røynsle*  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

*Transport av høy:*

(Svaret er skrive av Arne Skuland, lærar h. v.,  
 fødd på garden Skuland i 1871 og oppvaksen der.  
 Bur no på Nord adr. Rommetveit.)

Der ein kann koma fram med hest og høyvogn,  
 køyrer ein no høyet på tvo-hjula vogn. Andre steder  
 - i uföra - ber ein høyet i byria på ryggen med tog  
 og hageld(ei) (hovol). Eller um det er framkjømt  
 med slede, brukar ein den der vogn ikkje kann nyttast.

Tyre 1860-70'ari var høyvogn ikkje komi i bruk.  
 Høyet vart kjørt på slede, det som ikkje vart "bore  
 inn på ryggen". Det nyslegne gras (ljohøye) som  
 laut flyttast fram til ein betre turkeplass, vart sloa  
 fram til turkeplassen, eller bore på tog. Ei sloa laga  
 ein seg av greiner av laurved, raun, hahl eller bjørk,  
 og lesste gras på greinene og drog det soleis fram til  
 heri eller <sup>til</sup> turkebakken. - Gras som vart slege  
 høgt uppe i lidene, ja ovanfyre ~~ve~~ stamnen (begrens) laut ein  
 rodde heim. Når rodde (ei) var fulltappa av gras, brilla ho lett og fort ned etter rindane  
 til heimeboen - til turkings.

Svar til sp. 1: Husmannen som ingen hest fódde, bar  
 høyet åt lóda frá turkepallen eller frá heri. Det  
 var også husmennene som bruka "slåttene" i utmarki

og lidene lengst fram mot våre dagar, dei siste til 1890 åri. Og "skelåttan" heldt seg lengst på humanisplass. Dei som ikkje hadde hest, bar høyet heim i loda med bora-tog (eit). I seinare år (1890 åri) vart av sume handvogner tekne i bruk.

Nr. 2. Sjå ovanfor um transport til turkeplassen, og på same måte gjekk transporten til utlóa fyre seg. Høy-mengdi på ei sloa var aldri so stor som eit hestelass. Ein lesste på sloa framantil og attyver. Ei høy-byra vart laga ved å fengja (saksa) høyet med riva og so leggja fengja etter fengja på ~~ho~~ toget. Dei var tvo til å kneppa (snora) byra, ein framfor og ein attanfor. Han som hjelpte til å reisa den som hadde sett seg fyre byra og hadde fenge fottane (ein) yver akslene, stod attum byra. Beraren held toget yver eine aksli. Det var mannfolk som bar det burre høyet inn i loda. Born kunde vera med å raka høyet saman. Kvinnor og (rakotetauser) kunde dra sloa. Dei raka av (kjembde) høybyra på alle kantar, so inkje høy skulde spillast. Kvinnone tok etterreksteren - det høy som låg att under byra - med seg i fanget og bar det inn i loda, so alt kom under tak.

Rodde var laga av grannt hampe-tog som ei grov net eller eit garn, og var som ein stor, rund ball når ho var fulltappa med gras, her mål ca 1,5 m. I tidlegare tider var roddane av vidjor, her eg høyrte. Å taka heim høy på løypestreng var ikkje bruka. Kispør eller hillebåra (hjulbåra) var ikkje i bruk til høybergning.


Nr 3. Frå utloda kjøyde ein høyet heim på slede - i snøfor - , der ein kunde koma til med hest. Elles drog ein det heim på stor kjelke, når snøfori kom. Vintervegen bar bratt ned lidene sume stader, so høylasset "gjekk sjølv". Det var noko som ung-

domen stod etter, dette, å styra høykjelken i sus = ande fart ned bratte lidene.

So. nr. 4. Høyredningi som vart bruka i høynni, var i gamal tid fram til 1860-70 åri høyslede, ein slede på 2 meiar, umlag 2,5 m. lang og umlag 1,4 m. breid. Seinare vart litt um senn høyvogn teki i bruk på alle gardar. Høyvogni hev 2 hjul og er litt lenger enn ein høyslede. Namnet hjulslede er ikkje i bruk her. På sledemeiane var ikkje skoning i bruk. - Ein kunde køyra med meiar kvar som helst „på frosi mark“, ogso inn på grannen sin bø. (Vinterveggar). Reglar for køyring med hjul var strengare. Høyvogni vart og bruka til å køyra inn kornet frå åkeren med. På vogni var framme og bak lause bvergrindar som vart sette upp både til høyg- og kornkøyring. Seinare kom grindar på langsidene av vogni i bruk. Høyet vart lagt upp på vogni og lasset i fengjor med riva, men når det var sidegrindar på vogni - med høygaffel utan fengjor. Det gjeng vel umlag 7-8 byror i eit vognlass høyg. Nokon regel um siste lasset er ukjend. Allt høyg laut rakast vel upp og berast åt loda. Dette siste høyg et heitte „etherrakster“ og var berre nokre små dottar.


Høylasset vart bunde på sleden eller vogni med fog (eller „gjoring“ - ein-, gjyding) og høytong (ei). Høytongi er tvo lange, smale spildror som i endane er bundne saman med eit stult, tjukkare bverstykke som spildre-endane er fellte inn i. I bakre bverstykket stod ein sterk tapp upp, som foget (eller gjoringen) vart lagt um når lasset skulde kneppast saman (snørast). Høytongi låg oppå lasset - lengseter.

Sedd ovanfra såg høytongi soleis ut:



Den nemnde tappen var av ask eller horn, so han skulde vera sterk og glatt.

Høysleden sedd frå langsida:



- " - sedd frå bverrida - bak:

Å kneppa lasset (småra det) heitte og „å gjöra lasset“. Ein gjøring var ei lang rimla av steinn, brukt som tog. Men gjøringen kom or bruk fyre 1890 åri. Hegeld (ei) (hovold) til gjøring var gjerne soleis: ; men til boratog: . Elles vart desse tvo slag heglar brukt um ein annan som dei var for handi. Å setja høyet i stakk vart ikkje bruka, alt laut inn i lodor eller hildrar um det faust høvelege sovorne. Fyre høysleden vart det berre spent ein hest. - Samslått på eit jordstykke var ukjend i grendi, men det var dei gardar der dei hadde byteslått - år um arna. Dei køyde høyet heim or utlødane når det berre var god snöför ut på vinteren k. d. i fastetidi.

So. til nr. 5. Kvar gardmann og kvar husmann hadde si eigi utlöda, og det var ikkje noko slag samarbeid med transporten av høy. Kvar henta høyet når det høvde honom best. Utmarki var ogso soleis utskift at det var langt millom utlødane som høyrde til dei ymse brukki eller husmannsplassi til.

So. til nr. 6. Høyet vart ført heim um vinteren, ikkje på andre årstider, og då på slede med hest, eller det vart drege og rennt fram på kjelke med mannemakt. Dagen for høyhentingi fell som ein vanleg arbeidsdag med fukostmat i dagrenningi og middagsmat ved heimkoma - ut på ettermiddagen.

Rodda hev ikkje vore i bruk etter 1880 åri, for utslåttene høgt i lidene er nedlagde, og like eins er utlødane ikkje lenger i bruk, men for det meste forfallne - etter 1900. All utslått er det frå den tid slutt med.